

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4838 - 21/54264

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:
17.08.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 172/211 Hopland

Tiltak: Parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 172/211
Tiltakshavar: Terje Seim
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.05.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Omsøkt tiltak og plankart



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Terrengsnitt som viser terreng før og etter gjennomført tiltak.
2. Teikningar av murar.

- Murar kan ikkje plasserast innanfor byggegrensa mot veg og må ikkje koma i konflikt med siktlinjer i avkøyrsla.
3. Plassering av avkøyrsla bør endrast slik at den skjer via f_KV3, evt. via barnehagen sin parkeringsplass.
 4. Mur skal plasserast i nabogrensa mot gbnr 172/218 og 172/186. Det ligg ikkje føre samtykke frå eigar av gbnr 172/218.
 5. Ansvarsrett for prosjektering av tiltaket. Det er uklart kva søknaden om ansvarsrett frå føretaket Seim Bygg omfattar, og om nødvendig ansvarsrett for prosjektering av tiltaket ligg føre.
 6. Murar og andre tiltak som skal etablerast nærare kommunalt leidningsnett enn 4 meter krev at det vert gitt dispensasjon frå Standard abonnementsvilkår. Vi vil senda søknaden over til kommunen si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning når vi har mottatt etterspurd tilleggsdokumentasjon.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Bente Skare Seim
Terje Seim

Sollia 46
Sollia 46

5912 SEIM
5912 SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912 SEIM